



Fruktprognose pr. 1. oktober 2020 frå Fruktlagerinspektøren

Fruktavlinga i år ser ut til å verte redusert med minimum 35% samanlikna med 2019. Årsaka er lang blomstringstid, kulde og noko vekselbæring då sesongen 2019 var ein svært god sesong. Den største svikten er for plommer, der vart det ein reduksjon på 75% i høve til 2019.

Tabellen viser prognose for 2020 i tonn samanlikna med avlingane frå 2010 til 2019 – i tillegg har vi prognose for sesongen 2023.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020 pr1.9	Prognose 2023
Eple	7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	5810	10 033
Pærer	220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	376	500
Plommer	1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	483	1 919
Moreller	329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	397*	880
Sum	9 173	6726	7303	8 652	9 716	6 872	9 435	9 192	10 108	11038	7066**	13 332

*I tillegg har vi nokon som ikkje leverer til fruktlager

**I tillegg vil marknaden ta imot ca 500-600 tonn frukt utanom fruktlagera.

Morellavlinga i 2020

Morellsesongen 2020 viser noko mindre avling enn 2019. Det var til tider vanskeleg å verte kvitt morellene, det har vore rulling på 2 til 3 dagar før morellene kom ut på marknaden.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2023
329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	397*	880

*Det er noko som ikkje er med, då ikkje alt er levert gjennom pakkeri.

Plommeavlinga 2020

Då er sesongen 2020 ferdig og det vart 483 tonn. Vi har ikkje statistikk tilbake i tid med så låg avling.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	levert pr 1.10
1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	483

Pæreprognose 2020

Pæreprognosen er endra frå 1.september. Slik det ser ut no, får vi ei avling i overkant av 350 tonn.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert pr 1.10	Rest
220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	229	147

Epleprognose 2020

Denne prognosen er noko endra i høve 01.09.20. Epleprognosen syner at det truleg vert ei avling som er ca 65 -70 % av fjoråret. Det er Discovery og Gravenstein som sviktar.

Prognosen er framleis svært usikker då rognebærmøllen har gjort skade på Vestlandet. Denne skaden har vi ikkje full oversikt over endå.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert Pr 1.10	Rest
7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	3286	2524

Åra 2011 og 2015 var òg fruktsesongar med låge avlingar, og slik det ser ut no, kjem vi på nivå med dei.

Ein annan negativ effekt av lita avling, er mangel på råstoff til produksjon av sider og juice.

Lofthus 01.10.2020

Leif Øie